

Alle på adresseliste

Vår dato: **24 AUG 2010**
Vår ref.: NVE 200710332-4 ki/jaso
Arkiv: 312/026.E4Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Jan Sørensen
22 95 92 11

Hemså Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Hemså kraftverk i Sirdal kommune, Vest-Agder – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Hemså Kraft AS datert 31.5.2010, om løyve til bygging av Hemså kraftverk i Sirdal kommune.

Hemså kraftverk vil utnytte eit brutto fall på 198 m i elva Hemsåni med inntak på kote 303 og avlaup frå kraftstasjon på kote 105. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på ca. 1,7 MW og den årlege produksjonen er berekna til omlag 5 GWh. Vassvegen vil gå i ei ca. 600 m lang rørgate som skal gravast ned på austsida av elva. Søker foreslår slepp av minstevassføring på 32 l/s, tilsvarende alminneleg lågvassføring, forbi inntaket til kraftverket. Eksisterande vegar vil verte nytta for tilkomst til kraftstasjonen. I tillegg er det behov for midlertidige anleggsvegar i forbindelse med legging av rørgata. Kraftverket er planlagt kopla til straumnett via ei 22 kV luftline på 520 m.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Tinfos AS v/Bente Stykket på tlf. 35 01 78 40. NVE ber Sirdal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicetorget i Rådhuset på Tonstad og i Sirdal Folkebibliotek sin filial på Synnes skule på Tjørhom fram til 31. oktober 2010. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **31. oktober 2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50


Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Jan Sørensen
senioringeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark om sakshandsaming
 Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Hemså kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Stavanger Aftenblad, Fedrelandsvennen og Agder.

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Sirdal kommune, 4440 TONSTAD
-	Fylkesmannen i Vest-Agder, Postboks 513 Lundsiden, 4605 KRISTIANSAND S
-	Vest-Agder fylkeskommune, Postboks 517 Lund, 4605 KRISTIANSAND S
-	Statens vegvesen, Region Sør, Serviceboks 723, 4808 ARENDAL
-	Agder Energi Nett AS, Serviceboks 634, 4809 ARENDAL
-	Mattilsynet, Postboks 383, 2381 BRUMUNDAL
-	Norges Bondelag, Agderkontoret, Postboks 298, 4663 KRISTIANSAND S
-	Forum for natur og friluftsliv, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
-	NJFF – Vest-agder, Skippergt. 21, 4611 KRISTIANSAND S
-	Naturvernforbundet i Vest-Agder v/Torbjørn Fredriksen, Grøngjelveien 33, 4514 MANDAL
-	Kristiansand og Opplands Turistforening, Postboks 633, 4665 KRISTIANSAND S
-	Norsk Ornitologisk Forening, Vest-Agder, Boks 196, 4501 MANDAL
1	KM - kca
1	KD - oyn
1	ER - kest

KUNNGJERING

Hemså Kraft AS - Søknad om løyve til bygging av Hemså kraftverk i Sirdal kommune, Vest-Agder.

Hemså kraftverk vil utnytte eit brutto fall på 198 m i elva Hemsåni med inntak på kote 303 og avlaup frå kraftstasjonen på kote 105. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på ca. 1,7 MW og den årlege produksjonen er berekna til omlag 5 GWh. Vassvegen vil gå i ei ca. 600 m lang røyrgate som skal gravast ned på austsida av elva. Søker foreslår slepp av minstevassføring på 32 l/s, tilsvarende alminneleg lågvassføring, forbi inntaket til kraftverket. Eksisterande vegar vil verte nytta for tilkomst til kraftstasjonen. Det er i tillegg behov for midlertidige anleggsvegar i forbindelse med legging av røyrgata. Kraftverket er planlagt kopla til straumnettet via ei 22 kV luftline på 520 m.

Søknaden vert sendt på høyring til organisasjonar og offentlege etatar og lagt ut til offentleg gjennomsyn på Servicetorget i Rådhuset på Tonstad og i Sirdal Folkebibliotek sin filial på Synnes skule på Tjørhom fram til 31. oktober 2010. Søknaden er òg tilgjengeleg på NVE sine heimesider www.nve.no/vannkraft. Om papirutgåve av søknaden er ønskeleg, kan ein kontakte Tinfos AS v/Bente Stykket på tlf. 35 01 78 40.

Fråsegner til søknaden kan sendast til NVE via vår nettside www.nve.no/vannkraft, eller pr. post til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, eller på e-post til nve@nve.no innan **31. oktober 2010**.



Orientering til høyringspartane

Generelt

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av NVE eller Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der fylkeskommunen kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til innstilling blir gjeve til fylkeskommunen

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom FK gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggefristar, vasslepping, godkjenning av planar med omsyn til miljø og tryggleik, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

FK si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynte konsesjonar etter at vedtaket er fatta av FK. Dei fleste høgspenstanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngeve synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre faktiske tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggja vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK skal bidra med fagleg informasjon innafor eige ansvarsområde, men er ikkje høyringspart i NVE si forberedande sakshandsaming.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.